



BREMANGER KOMMUNE ORDFØRAR

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
08 1510-1 K1-024 KOS

Dykkar ref.

Dato:
11 25 2008

Høyringsuttale til forslaget om avgrensning for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet.

Vi viser til brev av 20.oktober 2008 der Finansdepartementet i høyringsnotat presenterer forslag til endring av eigedomsskattelova. Forslaget inneber at kommunane sin adgang til å skrive ut eigedomsskatt i sjøområda blir trekt ved grunnlinja.

Etter gjeldande rett strekkjer kommunane sitt område ut til territorialgrensa 12 nautiske mil frå land.. Dersom forlaget til lovendring vert vedteke vil det medføre inntektstap for Bremanger kommune på eksisterande og framtidige installasjonar innafør denne grensa. Bremanger kommune skriv pr i dag ut eigedomsskatt på den delen av gassrørleidninga Åsgård Transport som ligg innafør kommunen sine grenser med 850.000. kroner pr år.

Bremanger kommune viser til samrøstes vedtak frå Hovudstyret i Kommunenes Sentralforbund i saka :

- "1. KS går imot ethvert forsøk på å frata kommunene retten til å beslutte om det skal være endomsskatt i kommunen, og om den skal gjelde hele eller deler av kommunen.*
- 2. KS motsetter seg derfor at staten begrenser eiendomsskattens område i sjøen innenfor territorialgrensen og i kystsonen"*

Bremanger kommune slutter seg til utgreiing og vedtak i Kommunenes Sentralforbund i saka, og går imot lovendinga som avgrensar retten til kommunane å skrive ut eigedomsskatt innafør territorialgrensa og i kystsona.

Kontoradresse:
Rådhuset
6721 SVELGEN

Postadresse:
Postboks 104
6721 SVELGEN

Telefon telefaks:
57 79 63 12
57 79 63 01

E-post web.
kos@bremanger.kommune.no
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035